

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

I samband med RS 143/14 Utfordringar for leverandørbedrifter innan petroleumsnæringa, påpeikte **Sveinung Valle** at det er viktig å få prosjektet raskt i gang. Fylkesordføraren kommenterte at problemstillinga vil vere tema på komande nyårsmøte.

I samband med RS 143/14 Olav H. Hauge-senteret si tilknytning til museumsfeltet og museumsplanmidlane i Hordaland, spurde **Sveinung Valle** om kvifor senteret ikkje er ein del av dei ni konsoliderte musea som høyrer til under museumsbudsjettet i Hordaland. Han spurde også om kor enkelt/vanskeleg det er å verte konsolidert mot desse. Fylkesdirektøren for kultur og idrett og Mona Hellesnes svarte at Olav H. Hauge-senteret er konsolidert mot Nynorsk kultursentrum av faglege grunnar.